

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 16/2007

Møtedato: 14.3.07

Arkiv nr: S 746

S 746, Krististølen – søknad om tilbygg på sel

Knut Nygård søker om å få føre opp eit tilbygg til selet på Krististølen. I følge stølsregisteret er noverande sel på 46 m² og det blir søkt om eit tilbygg med bruksareal på 6 m². Tilbygget skal omfatte do og bod.

Bygging på støl som ikkje er i bruk er regulert i § 14 i stølsforskriftene der det heiter:

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa ved like på ordinært vis. Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast. § 13 andre stykket i denne forskrifta gjeld tilsvarende. Før Statskog tek avgjerd skal fjellstyret ha saka til fråsegn.

Fjellstyret har oversendt søknaden til Oppland fylkeskommune, men det er ikkje gjeve uttale til søknaden.

Vedtak:

Tilbygget er svært lite, men gjer likevel at selet blir meir praktisk. Fjellstyret finn derfor å tilråda at søkjaren får godkjent tilbygget sjølv om ikkje stølen er i bruk etter fjellova.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.3.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Knut Nygård
Statskog
Oppland fylkeskommune
Vestre Slidre kommune